

## Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 4/2015

*Dato:* 22. - 23.08.2015

*Sted:* Quality Hotel Ulstein

### Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Caroline Bjørge, Knut Mikkelsen, Kari Klokseth, Gry Sagen, Hilde Horpen (1. vara) og Nora Olsen (2. vara)

### Forfall:

Hilde Hoddevik

### Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

### Vedtaksaker:

*34/2015*                      *Godkjenning av saklista*

Vedtak: Saklista godkjent slik den er utsendt.

*35/2015*                      *Økonomistatus pr.31. juli 2015*

Vedtak: Status for økonomien i regionen takast til orientering.

*36/2015*                      *Tildeling av arrangement 2016*

### Vedtak:

1. Nordvesten Møre og Romsdal tildelast Tomra Brass Band i kombinasjon med Tomra Ørskog festival 2016. Nærare avklaring av praktiske og økonomiske rammer blir avgjort av AU etter dialog med Tomra Brass Band.
2. Nordvesten Sogn og Fjordane vert tildelt Sandane skulekorps og Breim skulekorps i samarbeid.
3. Nordvesten vaksenkorps 2016 blir forsøkt arrangert i Måløy, alternativt på Nordfjordeid, med Vatne Hornmusikk som «reserve»-løysing om det ikkje er mulig å få arrangør i Sogn og Fjordane.

37/2015

*Status og oppdatering av aktivitetsplan 2015*

Vedtak: Informasjon om sesongplanen 2015 takast til orientering.

38/2015

*Status og oppdatering av sommarkurs 2015 og 2016*

Vedtak:

1. Informasjon om sommarkurs 2015 takast til orientering.
2. Nye kurs i 2016:
  - a. Dagkurs i Kristiansund (erstattar gult kurs Molde), arrangerast i august.
  - b. Gult Dagkurs i Sogndal, arrangerast i august
  - c. Grått samspelkurs Brass, under føresetnad om at kurset går i balanse, arrangerast ultimo juli, primo august.
3. Flytte Musikkveka:
  - a. Musikkveka flyttast til Sunnmøre Folkehøgskule, under føresetnad at det blir tilgang til storsalen for samspel, i første omgang for eit år. Arrangerast i august.
  - b. Øvrige sommarkurs 2016 gjennomførast i juni/juli.

39/2015

*Representasjonsoppdrag / møtedeltaking*

Informasjon frå styreleiar om fylkeskulturkonferansen for Møre og Romsdal 2015: Nils-Gunnar Solli deltek på konferansen som tilsett i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vedtak: Informasjonen takast til orientering.

40/2015

*Samarbeidskontrakt NMF Nordvest og JURK*

Vedtak: Regionstyret godkjenner den framlagte samarbeidsavtalen om drift av ungdomskorpset JURK.

41/2015

*Førebuing til nasjonalt leiarmøte på Gardemoen 18.-20. sept. 15*

Vedtak:

1. Regionstyret for NMF Nordvest tilrår at Forbundsstyret løyver ekstra, øyremarka budsjetttramme til regionane for å stimulere og styrke arbeidet regionalt / lokalt i samband med 100-årsjubileet 2018. Løyvinga bør avklarast i samband med budsjett og økonomiplan for 2016. Regionane skal rapportere om bruken av midlane knytt til rekneskap og årsmelding for 2018.

2. Regionstyret for NMF Nordvest tilrår at Forbundsstyret utgreiar og kjem med framlegg overfor landsmøtet i 2016 om dei økonomiske rammevilkåra for tillitsvalde på regionalt nivå.

**Orienteringssaker:**

42/2015

*Nytt frå regionkontoret*

- Om 20 % personalressurs ved regionkontoret
- Kontoret er stengt i veke 36 pga. tilsettesamling
- Dagleg leiar deltek i eit leiarutviklingsprogram dei neste to åra

Vedtak: Regionstyret tek informasjonen til orientering.

43/2015

*Informasjon frå NMF Sentralt*

- Status musikksejersstillinga

Vedtak: Regionstyret tek informasjon til orientering.

44/2015

*Informasjon frå regionstyreleiar og/eller regionstyret sitt AU*

- AU har hatt eit møte om samarbeidsavtalen med JURK. Jf. også sak 40/2015.

Vedtak: Regionstyret tek informasjonen til orientering.

Ulsteinvik, 23. aug. 2015 / Molde, 25. aug. 2015



Nils-Gunnar Solli  
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard  
dagleg leiar